

Til stades: Hilde Reitan - leiar, Camilla Granlien – nestleiar, Kristian Hanto - nestleiar, Kjellbjørn Karsrud, Thomas Nilssen, Tormod Kleiveland, Torfinn Hofstad
Ole Erik Feragen – 1.vara,

Frå administrasjonen: Linda Dyrnes – dagleg leiar, Liv Annette Nygjerdet – tilsettes representant. Solfrid Gjeldokk under sak 36. Ann Helen Erichsen under sak 37.

Tid: **Onsdag 15.juni kl. 15-17.**
Stad: **Teams**

Referat

Styresak 2022/34 Innkalling og sakliste

Styresak 2022/35 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

Styresak 2022/36 Årets lokallag

Styresak 2022/37 100-årsjubileum status

Styresak 2022/38 Diett- og køyregodtgjersle revidering

Styresak 2023/39 Eventuelt

Styresak 2022/34 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjend.

Styresak 2022/35 Orierterings-, drøfting- og referatsaker

Driftsrapport per 07.06.2022

- a. Rådgjeving/Oppplæring/service – Oppsummering:
 - a. Vi har orientert om ny tilskotsordning for å integrere ukrainske flyktninger inn i frivillig kulturliv.
 - b. Vi har gjennomført dommarkurs i samband med Bygda dansar-jubileet.
 - c. Vi har delteke på årsmøte i Valdres folkemusikklag, Gudbrandsdal folkemusikklag og Hilmarsstiftinga.
 - d. Vi har delt ut rekrutteringsstøtte og aktivitetstilskot for 2022.
 - e. Vi har opna for påmelding til INTROfolk
 - f. Vi har lyst ut FolkLeiarUng
 - g. Vi har orientert om aktuelle prosjekt og hendingar.
- b. Formidling og arrangement – oppsummering:
 - a. Landskappleiken
 - i. Har arbeidd tett med lokal arrangør og bidrege mykje ikkje minst på informasjon og sosiale media.
 - ii. Etablert nye nettsider og app.
 - iii. Siste innspurt med både dommarar, startlister, timeplanar, gåver mm.
 - iv. Grunna tekniske problem med påmeldingsportalen, har vi måtte hjelpe til med påmeldinga.
 - b. Landsfestivalen i gammaldansmusikk
 - i. Det er opna opp for påmelding, frist utsett til 8.juli.
 - ii. Dommarkabalen er på plass.
 - iii. Tett kontakt med lokal arrangør.
 - iv. Hatt møte med informasjonsansvarleg og opplæring i nettsidene.
 - v. Ny app og nettside er i gong etter same mal som LK.
 - vi. Har tipsa om aktivitetar for born og unge på LF for å rekruttere og inkludere.
 - c. Folkelarm
 - i. Vi har fått tilskot frå Norsk-finsk kulturfond
 - ii. Vi har hatt møte med den norske ambassaden i Irland om mogleg samarbeid.
 - iii. Vi har laga prosjektplan med arbeidsfordeling.
 - iv. Artistane er vald ut og både dei og dei som ikkje fekk plass, har fått beskjed.
 - v. Arbeidd med grafisk materiale for promotering på sommarens arrangement.
 - vi. Hatt evaluatings- og oppstartsmøte med Riksscenen.
 - d. INTROfolk
 - i. Vi har oppnemnt jury og kunngjort INTROfolk
 - ii. Laga grafisk utforming med ny logo på sosiale media og nettside. Marknadsført prosjektet gjennom det.
- c. Informasjon og opplysning – oppsummering
 - a. Folkemusikk/folkemusikk.no
 - i. Folkemusikk nr. 2/2022 er trykt. Bladet er på 84 sider og litt mindre i format for å unngå auka priser grunna prisvekst på papir.
 - ii. Folkemusikk nr 3/2022 er under planlegging med slepp i veke 37.
 - iii. Økonomien er krevjande for Folkemusikk.
- d. Påverknad/samarbeid – oppsummering
 - a. Var på lansering av rapporten «Sterkere tilbake. Pandemiens konsekvenser for kultursektoren og mulige virkemidler for gjenoppbygging»
 - b. Var på og hadde innlegg på Arbeiderpartiets kulturkaffekopp på Stortinget. Fekk snakka om både danseutdanning, jubileumsår og regionale kulturfond.

- c. Var på årsmøte i kulturalliansen.
 - d. Har hatt møte med statssekretær Odin A.A. Bohmann om regionale kulturfond.
 - e. Har hatt styremøte i European Folk Network (EFN).
 - f. Har hatt møte med statssekretær Odin A.A. Bohmann om eksportsatsing for folkemusikk, saman med Music Norway.
 - g. Vore på Representantskapsmøte i SFF, samt Bygda Dansar-jubileum.
 - h. Vore i innspelsmøte om ein nordisk songkonferanse i 2023.
 - i. Vi er i gong med planlegginga av arrangement under Arendalsuka. Tema blir regionale kulturfond og det er organisasjonane i Arrangørforum, Norsk kulturforum, Creo og Norsk musikkråd som står bak.
- e. Særskilde satsingar
 - a. Lag og medlemmer
 - i. Vi har lyst ut FolkleiarUng 2022/2023
 - ii. Hatt møte med instruktørane for FolkleiarUng og planlagt både utlysing, behandling av søknadar og program for det komande prosjektåret.
 - iii. Deltatt på møter med Dextra Musica og dei andre musikkorganisasjonane som Dextra gir rekrutteringsmidlar til.
 - b. Informasjon, formidling, dokumentasjon
 - i. Vi har søkt ei rekke med tilskotsordningar for å finansiere 100-årsjubileet.
 - ii. Arbeidet med jubileumsantologien er godt i gong.
 - iii. Avtalt møte med Grieghallen, Bergen kommune, Hordalands folkemusikklag m.fl. i Bergen.
 - iv. Kontakt med potensiell kunstnarleg ansvarleg for jubileumskonserten i Bergen.
 - v. Utarbeiding av grafisk profil og informasjonsmateriell for jubileet.
 - c. Folkedans
 - i. Avtalt med SFF og NU at vi saman skal arrangere eit danseseminar under Folkelarm
 - d. Kulturpolitisk arbeid
 - i. Var deltar på showcase-arrangementet The Visit i Scotland/Orknøyene. Fekk mange nye kontaktar som er relevante for Folkelarm, tatt vare på gamle kontaktar og hatt møte om potensielt samarbeid

Vedtak: Styret tok orienterings- drøfting- og referatsaker til orientering.

Styresak 2022/36 Årets lokallag

Vedtak:

Dei nominerte til Årets lokallag er i alfabetisk rekkefølgje:

- Bergen Ungdomslag Ervingen
- Spelemannslaget Havella
- Ål spel- og dansarlag

Prisen blir delt ut i forkant av finalane under Lanskappleiken.

Styresak 2022/37 100-årsjubileum status

Vedtak:

- Det må på plass ein avtale mellom Vossa Jazz, Riksscenen og FolkOrg, der budsjett og fordeling av kostnadene for bestillingsverket kjem fram. Etter det skal prosjektleiar kome tilbake til styret med sak om garanti for bestillingsverk.
- Styret vil at Abildsø skal involvere jubileumsnemnda i val av musikarar, for å sikre at vår oppfatning av folkemusikalisk profil og anerkjenning blir representert.

Styresak 2022/38 Diett- og køyregodtgjersle revidering

Vedtak:

- a) Køyregodtgjersle: Tilsette og tillitsvalde i FolkOrg nyttar sats etter statens særavtale. Dommarar får køyregodtgjersle etter skattefri sats.
- b) Diett for tillitsvalde og tilsette i FolkOrg: Vi nyttar satsane i statens særavtale.
- c) Diett for dommarar:
 - a. Når ein bur på hotell skriv ein reiserekning etter skattedirektoratets sats for skattefri godtgjersle.
 - b. Ved anna overnatting får dommarane eit honorar på same nivå som statens sats for overnatting på hotell, både skattefri og skattepliktig del.

Styresak 2023/39 Eventuelt

- a. Øystein Rudi har tatt kontakt med styreleiar Hilde Reitan for å orientere om ei intensjonsavtale dei har med NRK/KORK om ei julesending frå Rudi gard, og med spørsmål om vi skal vere medarrangør. Prosjektlearen følger opp den kontakten for å vite meir.
- b. Presisering kring Eldsjelprisen: Alle kan nominere. Styret vel på bakgrunn av det nokre nominerte, som det blir mogleg for medlemmer å stemme på.